



Goman Rognaldsen AS  
Torgeir Sveine  
Veråsvegen 234  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1480 - 15/23684

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
26.06.2015

## Manglande innrapportering av fettutskiljar - gbnr 108/88 - Lindås

Teknisk drift syner til tidlegare korrespondanse vedkomande dokumentasjon på fettutskiljaranlegg ved Goman Rognaldsen gbnr 108/88 – Lindås.

Kommunen kan, per dags dato, ikkje sjå å ha motteke følgjande dokumentasjon for utskiljaranlegg:

- Generelle opplysninger om anlegg (type, storleik etc)
- Tømmeavtale mellom verksemd og godkjent tømmeoperatør
- Tømmerrapport for (2012-2014)
- Temperaturlogg (2012-2014)
- Årsrapport (2012-2014)

Innsending av tømmeavtale, tømmerrapport, temperaturlogg og årsrapport er vilkår for å ha anlegg knytt på kommunalt leidningsnett.

Alle verksemder som har utslepp av avlaupsvatn som inneheld fett eller olje av animalsk eller vegetabilsk opphav skal i utgangspunktet ha fettutskiljar. Dette gjeld også for bakeri. I Lindås kommune er det i forskrift vedteke at minste tillete storleik på utskiljaranlegg er NS 4. Storleik på anlegg vil avhenge av produksjon ved verksemda.

Det er med heimel i forskrift for fettutskiljar i Lindås kommune, «Utsleppsløyve for Lindås kommune» frå Fylkesmannen i Hordaland og « Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser» at Teknisk drift, VVA, nå krev dokumentering av utskiljaranlegg ved Veråsvegen 234. Føremålet med dette er å sikre at fett frå prosess og avlaupsvatn vert skilt ut frå vatn før dette vert ført på kommunalt leidningsnett og til reinseanlegg.

Med helsing

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar VA

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Kopi til:**

Lindås kommune ved vatn og avlaup

**Mottakarar:**

Goman Rognaldsen AS

Veråsvegen 234 5955

LINDÅS